

FJORLAM, eit supplement til tradisjonelle haustlam for Fatlandskonsernet?

a. Samandrag

Sauehaldet er under press. Viktige utfordringar for næringa er høg kraftfôrandel i fôrrasjonen, redusert betydning som «gartnar i utmarka», kritikk for høge utslepp av klimagassar, kort slaktesesong, tungvint stell og låg inntening. Men sauene, «slåttekaren i utmarka», kan spela ein viktig rolle i å foredla gras- og beiteressursar til mat, og slik medverka til ei grøn omstilling i landbruket. Sauene bidrar i størst mogleg grad til verdiskaping gjennom å oppretthalda særprega og attraktive kulturlandskap. I dette perspektivet er det viktig å oppretthalda sauehaldet også på mindre bruk. Utvikling av lønsame driftsopplegg, også for små flokkar, bør difor prioriterast.

b. Hovudproblemstillingar

«Fjorlamprosjektet» er bygd opp kring foredlingsleddet i verdiskapingskjeda, dvs. Fatland Ølen AS. Korleis kan vi auka tilgangen på ferskt lammekjøtt, betra kvaliteten og auka utnyttinga av heile dyret? Gjennom supplerande driftsopplegg med auka vekt på økosystemtenester, stadtilpassing og formidling gjennom heilskaplege forteljingar, vil vi synleggjere og forankre samspelet mellom primærprodusent, foredlingsledd og lokalsamfunn. I Fjorlamprosjektet har vi arbeidd med heile verdikjeda, ulike sauerasar, rasjonelle driftsopplegg (Reime Agri AS og Møgedal Mekaniske Verkstad AS), utvida ferskvaresesong, smaksundersøkingar, betre utnytting av slakteskrotten, opplysingstiltak og sal til nye kundegrupper.

c. Resultat

Dei viktigaste forsøksarenaene våre vår har vore Fatlands produksjonsanlegg, gode medarbeidarar i Kvinnherad, inkludert Baroniet Rosendal, landbrukskontoret i Kvinnherad kommune, Omvikdalen skule og gardbrukarar. Vi har påvist at overvintra spælsau søyelam kan slaktast etter to beitesesongar utan at kjøttet får «sauessmak». Det same var ikkje tilfelle med lam av rasen Norsk Kvit Sau (NKS). Annan dokumentasjon tilseier også at spælsauen er meir lettamma enn NKS, beitar meir på trevegetasjon, tar seg lettare fram i ulendt terreng, lever lengre og veg mindre. På Vestlandet er det ofte vinterfôret som avgrensar sauetalet, beite er det nok av. Ein lettare sau med to lam brukar mindre vinterfôr, det vil seia at bonden kan sleppa fleire dyr på beite. I tradisjonell drift med haustslakting fann vi liten skilnad mellom rasane. Men vi tilrår bruk av spælsau i driftsopplegg med tanke på utvida ferskvaresesong.

Med hjelp av «Kjøttsentralen AS» har Fatland Ølen etablert sertifiserte og truverdige rutinar for produksjon av kjøttvarer og foredla produkt for muslimar (halal). Særleg dei unge forbrukarane i dette forbrukarsegmentet tilhøyrar ei raskt veksende urban konsumentgruppe som er prisbevisste, men samstundes opptekne av berekraft, naturvern og dyrevelferd. Forbrukarundersøkingane synte at i tillegg til dette ynskjer dette forbrukarsegmentet full deltaking i storsamfunnets matvarer.

Prosjektet vore vellukka både med omsyn til vitenskapleg publisering og internasjonalt samarbeid gjennom verdslende forskarar ved Charles Sturt University, Australia og studietur til Skottland og Orknøyane.

Nasjonalt har vi oppretta ei eiga heimesida, <https://www.rosendalslam.no/> , etablert «Saudagen» ved Baroniet Rosendal og bidrege til avisartiklar.

d. Utfordringar

Vi hadde planlagt forsøk med kastring av vêrlam som ein lekk i arbeidet med utvida ferskvaresesong. I samråd med Mattilsynet endra vi planane til berre å fokusera på søyelam. Covid-19 epidemien vi er inne i har gjeve utfordringar. Sauens dag måtte avlysast og fysiske prosjektmøter innstillast. Vi vonar at planlagde formidlingsaktivitetar komande sommar kan gjennomførast, og vi har sett av ressursar til dette.

e. Veggen vidare

Fjorlamprosjektet har lagt eit godt grunnlag for eit grønt skifte i småfehaldet. Vi ynskjer å halda fram arbeidet gjennom søknader til tre regionale forskingsfond. Til Rogaland vil vi i regi av Fatland Ølen halda fram kvalitetsarbeid og produktutvikling, no også på fleire dyreslag. Vi ynskjer også å vidareføre samarbeidet med Karmsund videregående skole (Restaurant- og matfag). For Vestland vil turisme, landskapspleie, pedagogikk og internasjonalt kjøkken vera viktig, medan ull frå farga spælsau, mohair- og kasjmirgeit blir satsingsområde i søknad til Vestfold og Telemark.